



Odd Helge Solberg
Keilegavlsvegen 46
5953 FONNES

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/1641 - 14/19939

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
03.09.2014

Oppfølgjing av vedtak om avslag på søknad om løyve til tiltak - gbnr 125/56 Kjeilen.

Vi viser til vedtak i Plan- og miljøutvalet 18.06.2014 der det vart gitt avslag på søknad om oppføring av tilbygg til bustad på gbnr 125/56 Kjeilen. Det er ikkje klaga på vedtaket.

I vedtaket heiter det:

Søknad om dispensasjon frå plankrav, jf pbl. § 19-2, vert avslått.

Søknad søknad om løyve til tiltak – oppføring av tilbygg på gbnr 125/56, jf pbl. § 20-1, vert avslått.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurderinga.

Plan og miljøutvalet oppfordrer tiltakshaver til å gå i dialog med kommuneadministrasjonen og naboar for å få fram ei løysing.

Omsøkte tilbygg, som er delvis oppført, er ikkje godkjend og såleis å vurdera som eit tiltak i strid med plan- og bygningslova. Det ulovlege tiltaket må rettast. Retting må skje ved at tiltaket vert tilbakeført/rive.

Kommunen må få skriftleg melding når arbeidet er tilbakeført. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto som viser at tilhøvet er retta.

Det er også høve til å senda inn ny søknad om løyve til tiltak innan gitt frist. Før eventuell ny søknad vert send inn bør ein ha gått i dialog slik skissert i siste punkt i vedtaket frå Plan- og miljøutvalet.

Frist for innsending av tilbakemelding i høve til framdrift i saka vert sett til 1.11.2014.

Kommunen vil orientera om at eventuell vidare oppfølgjing av saka vil skje etter reglane i plan- og bygningslova kap 32 som omhandler oppfølgning av ulovlege tiltak der det kan verta gitt pålegg om retting og tvangsmult slike skildra under:

- Om det ulovlege tiltaket ikkje vert retta innan fristen kan saka verta følgd opp med pålegg om retting etter pbl § 32-3. Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgd, kan kommunen utferda førelegg etter pbl § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettkraftig dom, og fullbyrdast etter reglane for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.



- Om pålegg om retting ikke vert etterkome, har bygningsstyresmaktene høve til å fastsetja tvangsmulkt etter pbl § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel. Pålegg som ikke vert etterkome vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som rettskraftig dom, jf pbl § 32-6.

Før det vert gjeve pålegg om retting og tvangsmulkt, vert det sendt ut førehandsvarsel om dette i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 32-2.

Ved all kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr: 14/1641.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.